

# Retningsliner for spelarflytting, uttak til eksterne tiltak og ivaretaking av særskilte talent

Fastsett i lagsmøte Lærdal IL Fotball 5.oktober 2005

Fotballgruppa drøfta 5.oktober vårt ansvar for å ta vare på unge i alle alderssteg, og samstundes følge opp eit mål om betra spelarutvikling.

## Prinsippområde

- a) for trening innan eiga gruppe
- b) for trening med anna gruppe enn eige lag
- c) for utval av spelarar til sone og kretstiltak
- d) for bruk av underårige i kamp på ulike adressteg
- e) for ivaretaking av særskilte talent

### Trening innan eiga gruppe

- Miniputt trener ein kveld i veka etter at barneidrettsskulen er avslutta på våren. Viktig med maksimal balleik.
- LG/LJ kan starte trening på vinteren. Ein kveld i veka inne. Fram mot sesongstart kan det auke til to kveldar. I kampsesong er det ei trening i veka.
- SG/SJ trener minimum ein kveld i veka på vinteren. Frå mars skal det vere tilbod om to treningar i veka. I kampsesong bør det trenast to kveldar, minimum i dei vekene det ikkje er kamp.
- G/J trener to kveldar i veka frå januar. Eigentrening kjem i tillegg.
- Senior fastset sjølv treningsmengd

### Trening med anna gruppe enn eige lag

- LG/LJ-spelarar i eldste alderstrinn kan trene med SG/SJ når dette tilbodet vert gjeve til alle. Dvs at td alle LG 12 skal ha tilbod om å trene med SG. Dei som vil skal ha høve til å delta.
- SG/SJ-spelarar i eldste alderstrinn kan fritt trene med G/J. Alle skal vere kjent med tilbodet. SG/SJ-spelarar i yngste alderstrinn kan trene med G/J når sportslege kriterier tilseier det (primært om spelar er tilrådd dette frå soneansvarleg eller kretsansvarleg).
- G/J-spelarar kan fritt trene med senior. G-spelarar (og evt J-spelarar om vi har D-lag) i eldste alderstrinn vert oppmoda om å trene minst ei økt i veka med seniorlag (dvs dei som kan spele på seniorlag same sesong)

### Bruk av underårige i kamp på ulike adressteg

Laget drøfta dette med utgangspunkt i både spelarmangel og spelarutviklingsvinkel. Grunnleggande prinsipp her er som elles at det ikkje er høve til å gi ulikt tilbod til spelarar under 12 år. Det gjeld både mht informasjon og bruk av spelarar. Om td LG11 manglar spelarar skal alle i eldste miniputt få

tilbod om, og brukast likt i kamp.

- 1 Bruk av miniputt på LG11/LJ11-12: Alle i eldste miniputt skal få tilbod. Alle som aksepterer tilboden skal nyttast likt. Bruk av underårig skal ikke nyttast slik at spelar som held rett alder ikke får rettmessig speletid. Foreldre skal informerast.
- 2 Bruk av LG12/LJ12 på SG/SJ 13/14: Alle skal få tilbod likt. Dei som aksepterer tilboden skal nyttast likt. Bruk av underårig skal ikke nyttast slik at spelar som held rett alder ikke får rettmessig speletid. Foreldre skal informerast.
- 3 Bruk av SG/SJ 13/14 på G/J 15/16: Dugleik, interesse og treningsvilje vert lagt til grunn for uttak. Bruk av underårig skal ikke nyttast slik at spelar som held rett alder ikke får rimeleg speletid. Trenar for SG/SJ avgir spelar. Trenar for G/J kan ikke hente spelar utan samtykke frå lagstrenar.
- 4 Bruk av G/J16-spelar i seniorkamp: Dugleik, interesse og treningsvilje vert lagt til grunn for uttak. Trenar for G/J avgir spelar. Trenar for senior kan ikke hente spelar utan samtykke frå lagstrenar.

## Utval av spelarar til sone og kretstiltak

- For å unngå kritikk og uheldige episodar i samband med uttak til fotballskule, sone- og kretstiltak har møtet bestemt at det skal nyttast eigen framgangsmåte. Til grunn for dette ligg instruksen frå kretsen, samt vår eigen prosedyre:

Frå kretsen (utdrag): ”Dette er ikke noko breiddetiltak. Klubbane kan ikke gjera rekning med å få med alle sine nominerte spelarar. Fotballskulane, sone- og kretslagsaktivitetane er supplerande trenings-, og kamptilbod til dei mest motiverte og ferdighetsmessig beste spelarane, og det endelege uttaket vert gjort av SFFK. Har de ingen aktuelle spelarar, nominerer de heller ingen.

Når det gjeld nominering av underårlige – f eks spelarar fødd 1993 som ligg *særskild* langt framme ferdighetsmessig og holdningsmessig, og som utpeikar seg *svært* positivt i lag med eldre spelarar, kan desse nominerast inn som underårlige i 1992-kullet.

Nomineringa skal aller helst gjerast av ein lagsnøytral person i klubben (trenarkoordinator og/eller spelarutviklar). Finns ikkje slike funksjonar i klubben, skal nomineringa gjerast av den personen i klubben som kjenner spelarane best”.

## Vår prosedyre:

Trenar(-ar) for alderssteget over vurderer nivået under. Dvs at

- 1 Seniortrenar vurderer spelar på G-J15/16
- 2 Trenar for G15/16 vurderer spelarar på SG13/14
- 3 Trenar for J15/16 vurderer spelar på SJ13/14
- 4 Trenar for SG13/14 vurderer spelar på LG12
- 5 Trenar for SJ13/14 vurderer spelar på LJ12

Til grunn for vurderinga skal leggast dei kriterier fotballkretsen til eikvar tid opererer med. Samla vurdering skal gjerast med trenarkoordinator om slik funksjon finst i klubben.

## Ivaretaking av særskilte talent

År om anna kan det dukke opp talent utanom det vanlege. Prinsipielt skal ikke spelar under 12 år

ha særskilte tilbod, men delta på ordinære tiltak. Etter fylte 12 år kan spelar i samråd med lagstrenar og foreldre få tilbod om å hospitere permanent eller i periodar på lag på høgare nivå. Plassering og treningsopplegg vil da normalt vere utforma i samråd med soneasvarleg, fotballkrets eller anna ekstern kompetanse.